

## KJERNEFRUKT

### Utvikling

Vi er på glattkartstadiet for dei fleste eple og pæresortane me dyrkar. Vatning er viktig for å få optimal plantevekst for dei lokalitetane som har for lite. Bekjemping av rognebærmøll er framleis aktuelt, men ein bør allereie vere godt på veg med olje/såpe-sprøytingar. Les meir om dette under.

Tynning av karten er også viktig om det er rikeleg med kart etter kartfallet. Tynning er primært for å auke kvaliteten på årets avling. Men er det stor avling i år, vil også neste års blomsterknopper bli påvirka.



*Tohuku 2 med rikeleg med eple i klasen. Fjern de minste slik at det står igjen to eplekart i kvar knopp.*



*Discovery sit det ofte berre igjen midtblomen. Er det slik går tynningsarbeidet raskt.*

## Bladgjødsling med nitrogen og magnesium

Det er berre plantebasert Aminosol som er lovleg i økologisk dyrking. Bruk 100 ml pr daa. For felt på lett sandjord kan det være ein fordel å tilføre litt ekstra magnesium.

Det er mogeleg å bruke bittersalt også kalla magnesiumsulfat. Bruk 700 g pr daa. Ta kontakt med lokal NLR-rådgjevar.

## Vatning og gjødselvatning

Austlandet må fortsette å vatne. Spesielt viktig er det i felt på lettjord.

Vérdata finn du her: <https://lmt.nibio.no/>

Vatningsbehovet: [VIPS - vanningsbehov \(nibio.no\)](https://vips.nibio.no/)

## Ugras

### Gras og ugras

Fres felta kvar tredje veke. Alternativet er å bruke ljå eller grastrimmar. Unngå å treffe stamma og la det heller stå igjen nokre grastustar enn å drepe trea. Graset i køyregangen kan med fordel holdast kort. Enkelte praktiserer å slå annankvar rekke i køyregangen per gong, for å alltid ha ein del av nyttefaunaen intakt og operativ.



*Bilete 1: Gaute Myren. Høymole og andre syrearter har rikeleg med frø. Hold planta nede med klipping. I rotlausveka skal det være lett å luke ugraset, men ikkje alle plantene har fått den informasjonen. Er det berre nokre få planter kan ein spa dei opp. Mykje høymole kan medføre større angrep av syreveps rett før hausting.*

## Sjekk for epleskurv

Gå ein sjekkrunde i frukthagen no, sjå etter etablert skurvsmitte på blad eller frukt. Finn ein ingen symptom på epleskurv no etter at ascospore-sesongen er ferdig kan ein ta pause til neste år med skurvsprøyting. Om ein derimot ser skurvflekker så bør ein halde fram skurvsprøyting ved regnvêr ut sesongen, for å hindre at smitten breier om seg. Sjå då på vêrmeldinga og RIMpro scab secondary. Køyr så Thiovit Jet 300 g/daa før regn. Ein må gjenta behandlinga ofte for å hindre nedsmitting av nye plantedeler.

For meir informasjon om skurv: [Skurvbekjempelse i økologisk epledyrking | NLR Vest](#)



### Viktige skurvinfeksjonar:

Lier og austlandet: 21-22. mai, 24.-26. mai, 1.-3. juni, 8.-9. juni (4 varsel)

Njøs og vestlandet: 10.-13. mai, 21.-22. mai + 23.-24. mai, 10.- 13.juni (3-4 varsel)

## **Insekt**

### **Rognebærmøll**

Det er registrert lite villrognblomst, slik at me forventar angrep i eple av rognebærmøll. Møllen legg egga i trea og dei kan en prøve å ta knekken på før dei klekkjer. Dette kan gjerast med olje og såpeblanding. Følg med på lokal varsling for rett tidspunkt. <https://www.vips-landbruk.no/applefruitmoth/>

Angrep av rognebærmøllen kan være ei stor årsak til utsortering av eple ved hausting. Larvene kan bli mange om rognebærmøllen ikkje har nok villrogn til å leggje egga sine. I år er det svært lite rogneblomst som gjev ubalanse i forholdet mellom rognebærmøll og rogn. Bekjemping av egga med olje/såpe bør foregå i fleire sprøytingar.

### **Tiltak**

Alle tiltak med olje og såpe medfører fare for sviskade i trea.

Beste og mest effektive tiltak mot lus og rognebærmøll-egg i økologisk er olje/såpesprøyting (tåkesprøyte: 3 liter vegetabilsk olje + 0,5 liter såpe / riflesprøyting: 2 liter vegetabilsk olje + 0,35 liter såpe blanda i 100 liter vatn) om våren på luseegg. Egga vil då bli kvelt og døy. Blandinga verkar også på nyklekka lus, men drep ikkje dei vaksne individa. Dersom det berre er nokre få enkelttre som er angripne så kan det vera aktuelt å sprøyta desse.

### **Rognebærmøll bekjemping**

Vi anbefaler å sprøyte mot rognebærmøll. Sprøytinga verkar berre mot egga. Sprøytinga må då gjerast før egga klekker. Normalt blir eggklekkinga rekna til å skje 556 døgngnader etter full blomstring i rogn. Rogneblomstringa varierar med lokalitet og det gjer også døgngnadene. [VIPS - Varmesum og nedbør \(nibio.no\)](#)

Sprøyting 1: 350 døgngnader

Sprøyting 2: 450 døgngnader

Sprøyting 3: 550 døgngnader

Fleire stader på Vestlandet (Ryfylke, Hardanger, Sogn) når vi 550 døgngnader no til helga (1-3. juli) og i byrjinga av neste veke.

**Dosering:** 2 liter olje + 0,3 liter såpe.

Dette er ei tøff behandling for trea, så vi anbefalar at ein brukar redusert dose og sprøyter på når det lite sol og låge temperaturar.



*Bilete 2: Gaute Myren. Rognebærmøll fanga i ei kairomonfelle. Dei voksne mølla tek til å flyge inn i eplefelt og legg så egg der. I teorien vil eggklekkinga og deretter larvene gå inn i epla ved 556 døgngnader etter blomstring i rogn.*

## **Bladlus**

For mindre angrep, på småtre og/eller der lusa er kome lenger i utvikling er punktprøyting på lusetoppar med konsentrat mot insekt innehaldande pyretrin (ulike handelsnamn). Dette må gjerast fleire gonger etter oppskrift på etikett. Behandlinga er dyr. Dessutan er midla harde mot nyttefaunaen og bør berre nyttast om ingen andre tiltak har lykkast.

For lovlege preparat for økologisk drift sjå;

<https://www.mattilsynet.no/plantevernmidler/oko.asp>



*Bilete 3: Gaute Myren. Rød eplebladlus i 'Aroma'. Lusa lagar krølla bladverk og sug på karten. Lusa er røde til svarte. Resultatet er småkart som ikkje er egna som konsumfrukt.*

## Tynning

Manuell tynning kan ta til når kartfallet i juli har starta. På ungtre kan ein ta det tidlegare om ein har tid. Fjern dei minste karta, dei som er har skade eller insektsgnag og set igjen dei finaste. For sortar som eplestorleiken er i overkant store eks 'Aroma' og 'Holsteiner Cox' kan ein med fordel ta bort dei største karta om ein tenkjer omsetting som konsumepler.



*Er eplekarta godt pollinert vil det være 8-10 steinar i kjernehuset.*



*Her er det for mange eple frå same knoppen. Kartfallet vil nok redusere dette, men litt manuell hjelp for å komme ned på to kart trengst nok også.*

## Oppbinding

Etterkvart som fruktene blir større, så er det også særskilt viktig å sjå over oppbindinga av trea slik at toppane ikkje har for stor avling og/eller knekk av tyngda av frukta. Knytt opp trea så høgt som oppstøttinga rekk og tynn evt. ut eller fjern frukt i toppen om det er for mykje.

På unge tre av Discovery som enno ikkje har nådd full trehøgde (dvs. når over øvste strengen), bør ein fjerne all frukt på og langsetter toppskotet, slik at treet får fri vekst oppover.

## **STEINFRUKT**

### **PLOMME**

Fortsett med handtynning om ein ikkje er komme i mål med arbeidet. I riktberande sortar bør ein ta eit par rundar og heller komme rundt feltet enn å bli heilt ferdig med ein del. Les meir om tynning av plomme i førre rådgjevingsmelding (6-2022).

Ver påpasseleg med å fjerne kart som viser teikn til angrep av skadedyr eller sjukdom. Dette vil auke kvaliteten på den hausta avlinga og kan bidra til å redusere skadedyrbestanden og spreiding av sjukdom.

Fjern t.d. kart med inngangshol etter plommeviklar og plommeveps.

Plommeviklarlarvene kan ein finne inni plommene heilt fram til hausting. Opal angripen av plommeviklar har ein tendens til å nødmodne og falle, medan andre sortar, t.d. 'Jubileum' kan verte hengjande og bli med i korga om ein ikkje følger med. Plommeveps er stort sett ferdig dei fleste stader og har forlete plommekarten. in kan sjå at det er eit stort holl innvendig, samt av steinen er eten opp. Er det rikeleg med plommer kan det fungere som tynning, men er det lite vil dette gje lågare konsumavling.

NB! Det er ikkje alle områder som har plommeviklar og/eller plommeveps. Av og til kan liknande skadar på karten difor skuldast andre ting. Noko skade må ein tole og dette tynnast vekk.